

Risikoindeks for folkehelse 2015. Hordaland



AUD-rapport
Nr.
9 - 15

Utgivar: Hordaland fylkeskommune,
Regionalavdelinga,
Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse
<http://www.hordaland.no/aud>

Tittel: «Risikoindeks for folkehelse 2015. Hordaland.»

Publikasjonsserie/nr: AUD-rapport nr: 9-15
<http://www.hordaland.no/aud-rapportar>

Dato: 21. desember 2015

Forfatter: Stian Skår Ludvigsen, PhD
Tlf: 55 23 92 79
E-post: stian.ludvigsen@hfk.no

Innhald

Innleiing	4
Utval av variablar	6
Gjennomgang av variablane i indeksen	8
Grunnskoledel	9
Snittalder	10
Einforsørgjarar	11
Låginntekt.....	12
Folkevekst.....	13
Samla risikoindeks og omtale av kvar kommune	15
Geografi.....	21

Innleiing

Denne rapporten er ei vidareføring av ein rapport som stabseining for analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) skreiv i 2012 på oppdrag frå Utviklingsseksjonen i Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune. I år er oppdraget knytt til Hordaland fylkeskommune sin oversikt over folkehelsa i fylket, og føremålet med indeksen er å gje ein indikasjon på kor sårbare dei ulike kommunane i fylket er med tanke på ei negativ utvikling i folkehelsa.

Folkehelseinstituttet kom i år med tal for bydelane i Bergen på dei fleste variablane i vår risikoindeks. Vi har derfor kunne oppdatere indeksen med tal for bydelane, og med det samanlikne dei med dei andre kommunane i fylket. Verdiane for Bergen samla blir no handtert som regionverdiar, som òg er nytt: Vi har rekna ut verdiane til regionane i fylket, slik at desse òg kan samanliknast, og slik at kommunar i kvar region kan jamføre seg med gjennomsnittet for sin region.

Folkehelsesårbarheit er ikkje det same som folkehelsestilstand. Vi ønskjer å måle kor høg risiko kommunane har for negativ utvikling i folkehelsa – ikkje kor god eller dårleg folkehelse kommunane har i dag.

Det at ein kommune eller bydel kjem godt ut i rangeringa betyr ikkje at tilhøva i kommunen/bydelen er gode, men at føresetnadene er betre enn for dei andre kommunane i Hordaland, og at risikoen for ei forverring av folkehelsa er låg. Sjølv om risikoindeksen viser at nokre kommunar er meir sårbare for negativ folkehelseutvikling enn andre, er det viktig å understreke at ein god plassering på indeksen ikkje er ein garanti mot ei forverring av folkehelsa, og at alle kommunane kan forbetre seg på dei områda som inngår i indeksen. Det viktigaste føremålet med risikoindeksen er å synleggjere på kva område kommunane eller fylkeskommunen bør sette inn tiltak. Kommunane kan både jobbe langsiktig for å endre dei strukturelle tilhøva som blir belyst i risikoindeksen, i tillegg til at dei kan sette inn snarlege tiltak for å bøte på dei negative effektane av dei strukturelle tilhøva.

Metoden som indeksen er basert på er kompleks, men kort fortalt bygde vi i 2012 opp eit datasett over alle landets kommunar der vi ved hjelp av regresjonsanalyse fann seks variablar som hadde signifikant samvariasjon med uføregraden i kommunane. Vi brukte ikkje variablar for sjukdom eller helse (anna enn indirekte via gjennomsnittsalder), men meir strukturelle variablar om utdanningsnivå, demografi, sosioøkonomiske høve og arbeidsmarknaden. Ved hjelp av denne regresjonsanalysen kunne vi både identifisere kva variablar som kunne forklare variasjonen i uføregraden mellom norske kommunar, og kor mykje kvar variabel skulle telje ved indekiskonstruksjonen.

Vi har dermed valt å operasjonalisere folkehelse til å bli målt ved grad av uføretrygd. Folkehelse er langt meir komplekst enn uføregrad, og dermed også vanskeleg å måle med eitt mål, men ein kan argumentere for at ein kommune med god folkehelse er ein kommune med fråvær av kronisk sjukdom, uføre og tidleg død. Vi kunne brukt sjukefråvær som avhengig variabel, men dette inneheld meir «støy» i dataa, og er noko som med stor risiko uansett kan lede mot uføretrygd. Vi ser dermed uføretrygd som eit meir ultimativt mål på folkehelse enn sjukefråvær. Eit enda meir ultimativt mål er tidleg død, men det tilgjengelege målet på dette er eit glidande gjennomsnitt over ti år. Dette er så lang periode og så langt tilbake i tid at vi ville fått problem med kronologien og kausaliteten i modellen vår.

Indeksen er bygd opp av folkehelserelaterte variablar som kan påverke uføregraden, difor er ikkje helsevariablar inkludert i indeksen. Dette er fordi målet med indeksen er å belyse risikoen for negativ utvikling i folkehelsa, ikkje å skildre den faktiske helsetilstanden i kommunane i dag.

Utvalet av variablar i indeksen, og utrekning av kor mykje kvar variabel skal bety, er gjort ved hjelp av data om alle landets kommunar, men sjølv indeksen for Hordaland er berre basert på data om kommunane i fylket, og indeksen er ikkje direkte samanliknbar med andre fylke. Middels risiko i Hordaland er berre relativt til andre kommunar i Hordaland, og behøver ikkje bety middels risiko nasjonalt.


Det teoretiske spennet på indeksen er frå null til hundre, med 50 risikopoeng som teoretisk midtverdi. For at ein kommune eller bydel skulle fått hundre poeng, måtte den ha kome dårlegast ut på alle seks delindeksane, og for at ein kommune eller bydel skulle fått null poeng, måtte den ha kome best ut på alle delindeksane. I røynda strekk indeksen seg frå 18 poeng (Ytrebygda) til 81 poeng (Fedje).

Fedje får dermed den høgaste risikoen i risikoindeksen, altså plassering nr. 1. Ytrebygda får den lågaste plasseringa. Hordaland har 33 kommunar, 8 regionar (inklusive Bergen og Voss) og 8 bydelar i Bergen. Alle kan samanliknast i indeksen (fylket inngår òg her). Dermed er det 48 område som får plassering i indeksen, og Ytrebygda får plassering nr. 48.

Kartet i figur 1 viser risikoindeksen oppsummert, der mørk raud farge er høgast risiko for

negativ utvikling i folkehelsa, og mørk grøn farge er lågast risiko. Sund og Bergenhus har midtverdien (50), og er vist med gul farge i kartet. 16 av dei 48 områda (11 kommunar, to regionar, tre bydelar) har høgare risikoscore enn 50, og 30 (21 kommunar, fire regionar, fire bydelar, samt fylket) har lågare risikoscore. Samla risiko for fylket er 46 poeng.

Med flest kommunar, bydelar og regionar under 50 poeng, framstår det som om folkehelseutfordringane i fylket er samla i nokre få (raude) kommunar. *Det er ikkje tilfeldig.* På slutten av dokumentet finn ein kart for kvar delindeks, og ein vil sjå at dei fleste kommunane er raude og oransje på nokre variablar og gule og grønne på andre. Det er dermed eit ganske samansett og komplekst bilete som ligg bak indeksen i figur 1. Rapporten forsøker å skildre dette.



Figur 1: Risikoindeks for folkehelse, 2015

Utval av variablar

For å måle risikoen for negativ folkehelseutvikling har vi definert del uføretrygda som eit mål på folkehelse. Uføretrygda er ei utsett gruppe psykososialt og materielt. Omfanget av uføretrygd er ein indikator på helsetilstanden i kommunen. Grupper som står utanfor arbeidsliv og skole har i gjennomsnitt dårlegare psykisk helse og meir usunne levevanar enn dei som er i arbeid. Dei siste ti åra har delen som får uføretrygd vore høgare i Noreg enn i andre OECD-land (fhi.no).

I dag er det Øygarden som har den høgaste delen uføre av kommunane i Hordaland med 10,9 % uføre, etterfølgt av Radøy med 10,4 %. Voss og Masfjorden er dei kommunane som i dag har lågast del uføre, med 6,8 %. Innan Bergen strekk uføregraden seg frå 10,2 % i Laksevåg til 5,9 % i Ytrebygda.

For å måle risikoen for negativ utvikling i folkehelse, har vi altså tatt utgangspunkt i variasjonen i graden av uføretrygda mellom alle norske kommunar, og sett etter variablar som har ein statistisk samanheng med graden uføretrygd. Vi reknar kommunar som kjem dårleg ut på desse variablane å vere i risikosona for negativ folkehelseutvikling. Dette er uavhengig av kva nivå dei i dag har på uføretrygda.

Variablane i indeksen er kontrollert mot ei rekke andre moglege variablar som kan påverke folkehelse. Det er gjort statistiske kjøringar som trinnvis «kastar ut» dei minst signifikante variablane, og etter desse kjøringane, sit vi igjen med uavhengige variablar i risikoindeksen vist i tabell 2.¹

¹ For fullstendig oversikt over variablane som det er kontrollert for i analysen og meir informasjon om variablane som inngår i indeksen, sjå AUD (2012): «Risikoindeks for folkehelse 2012. Hordaland», AUD-rapport nr. 10-2012, Hordaland fylkeskommune..

Kommune	Uføregrad 2008-10	Uføregrad 2011-13
Øygarden	11,4	10,9
Radøy	9,7	10,4
Laksevåg		10,2
Kvinnherad	9,4	9,6
Kvam	9,0	9,4
Odda	8,5	9,4
Jondal	8,7	9,3
Samnanger	8,5	9,2
Sund	9,0	9,2
Fitjar	8,3	9,0
Fyllingsdalen		9,0
Vaksdal	8,0	9,0
Askøy	9,1	8,9
Fedje	8,6	8,9
Vest		8,9
Hardanger		8,8
Osterfjorden		8,8
Modalen	9,7	8,7
Osterøy	8,7	8,7
Eidfjord	8,6	8,6
Meland	8,7	8,6
Arna		8,5
Nordhordland		8,5
Fjell	8,3	8,5
Årstad		8,5
Etne	7,8	8,4
Lindås	7,8	8,3
Sveio	8,6	8,3
Åsane		8,3
Hordaland		8,2
Sunnhordland		8,2
Bergen		8,0
Tysnes	8,0	8,0
Austevoll	7,8	7,8
Ulvik	7,7	7,8
Bjørnefjorden		7,7
Os	7,6	7,7
Stord	7,5	7,7
Bømlo	7,5	7,5
Granvin	7,3	7,4
Fusa	6,8	7,0
Austrheim	6,4	6,8
Bergenshus		6,8
Masfjorden	7,0	6,8
Ullensvang	6,4	6,8
Voss	6,6	6,8
Fana		6,3
Ytrebygda		5,9

Tabell 1: Uføretrygda i prosent av innbyggjarar 18-66 år, varige uføreytingar

Datagrunnlag: khs.fhi.no.

Vegingsgrunnlag for å rekne ut regionverdiar: middelfolke- mengde 18-66 år 2011-2014 per kommune i kvar region.

Variabel	Definisjon	Periode
1) Grunn-skole	Del innbyggjarar i alderen 30 til 39 år med grunn-skole som høgaste fullførte utdanningsnivå	2013
2) Snittalder	Snittalder i kommunane	2015
3) Einefor-sørgjarar	Del eineforsørgjarar (personar med utvida barne-trygd) under 45 av alle barnetrygdmottakarar per 31.12.	2011-2013
4) Låginntekt	Del hushald med inntekt under 60 % av median-inntekt, berekna etter EU sin ekvivalensskala	2012-2013
5) Folke-vekst	Prosent folkevekst	2013-2015
6) Arbeids-plassdekning	Sysselsette etter arbeids-stad i prosent av syssel-sette etter bustad	2014

Tabell 2: Uavhengige variablar i risikoindeksen

Graden av uføretrygd i ein kommune har svært samansette årsakar. Desse handlar om samfunnsstrukturar, sjukdom og personlege tilhøve. Ein statistisk modell vil aldri kunne forklare alt. Vi er nøgd med å ha utarbeida ein modell som forklarar 57 % av variasjonen i graden av uføretrygd mellom kommunane.

Variablane i indeksen er vidare vekta etter kor sterk samheng det er mellom den einskilde variabelen og del uføretrygda.²


Vidare i utarbeidinga av indeksen er kommunane rangert etter sin score på dei ulike variablane. Den kommunen som scorar dårlegast på ein variabel får verdien 100 og den som scorar best får verdien 0. Deretter vert dei andre kommunane plassert på denne skalaen (0-100) med utgangspunkt i sin eigen score. Til slutt er variablane vekta, som det er gjort greie for i AUD (2012), og slått saman til ein samla indeks som rangerer kommunane i Hordaland etter risiko for negativ utvikling i folkehelsa.

² For meir informasjon om utrekninga av vektor sjå AUD (2012).

Hordalandskommunane er stort sett godt stilt samanlikna med alle kommunane i landet. Figur 2 viser alle landets kommunar rangert frå lågast til høgast uføregrad (gul linje) og kvar hordalandskommunane plasserer seg på denne linja. Med unntak av Radøy og Øygarden, er samtlige av hordalandskommunane i den lågaste halvparten av norske kommunar, og dei to unntaka er nokså nære midten. På dei uavhengige variablane i indeksen er hordalandskommunane òg stort sett å finne på den betre halvdelan av ei nasjonal rangering (unntaket er arbeidsplassdekning der kommunane er jamt spreidd).

Høg score på risikoindeksen for Hordaland behøver derfor ikkje bety tilsvarande høg score i ein nasjonal indeks. Ramma for indeksen er kommunane i Hordaland.

Det som skapar risiko, er at dei kommunane i Noreg som har eit samanliknbart nivå på dei uavhengige variablane har eit generelt høgare nivå òg på uføregraden. Med andre ord: gitt den informasjonen vi har om kommunane på dei uavhengige variablane, kunne vi for ein del



Figur 2: Prosent uføre i kommunar i Hordaland relativt til alle kommunar i landet

kommunar vente oss ein høgare uføregrad enn kva kommunane reint faktisk har. For kvart prosentpoeng (pp) auke i delen 30-39-åringar med grunnskole som høgaste fullførte utdanningsnivå kan vi vente oss ein auke i uføregraden på 0,21 pp; for kvart år auke i snittalderen kan vi vente oss ein auke i uføregraden på 0,33 pp; for kvart pp auke i delen eineførsørgjarar kan vi vente oss ein auke i uføregraden på 0,16 pp; for kvart pp auke i delen låginntektsushald kan vi vente ein auke i uføregraden på 0,3 pp; for kvart pp auke i folkeveksten kan vi vente ein reduksjon i uføregraden på 0,1 pp; og for kvart pp auke i arbeidsplassdekninga kan vi vente ein reduksjon i uføregraden på 0,02 prosentpoeng. Ein kommune med den urealistiske verdien null på alle desse variablane, vil ha ein uføregrad på minus 10,2 %.³

For ein faktisk kommune, som Øygarden, med ein grunnskoleandel på 23,9 %, snittalder på 38,5 år, eineførsørgjarandel på 16,7 %, låginntektsdel på 8 %, folkevekst siste to år på 3,7 %, og ein arbeidsplassdekning på 65 %, kan vi vente oss en uføregrad på 11,2 %. Som tabell 1 viser, er uføregraden i Øygarden på 10,9 %. Øygarden er med andre ord tett på forventa nivå når vi samanliknar Øygarden med alle landets kommunar i ein slik regresjonsanalyse. Når vi scorar Øygarden blant kommunane med høgast risiko på risikoindeksen, er det fordi kommunen

skulle hatt høg uføregrad gitt dei uavhengige variablane, eller fordi den ikkje kan vente seg nokon reduksjon i uføregraden gitt dei uavhengige variablane.

Øygarden er eit døme på det siste, Granvin på det første: Granvin har den niande *lågaste* uføregraden i fylket, men scorar dårleg på delindeksane, og kjem derfor ut med den femte høgaste plasseringa i risikoindeksen. Gravensarane kan dermed ikkje vere trygge på at den relativt låge uføregraden i dag betyr at heradet har grunnleggjande god folkehelse, eller at uføregraden vil halde seg låg i framtida.

Askøy er eit motsett døme av dette. Kommunen har fylkets 13. høgaste uføregrad, men scorar godt på delindeksane, og kjem ut med fylkets femte lågaste risiko. Askøyværingane har dermed høgare uføregrad enn kva som kan forkla- rast av dei strukturelle høva i risikoindeksen, og har dermed låg risiko for å få auka uføregrad i framtida.

Gjennomgang av variablane i indeksen

I det følgjande vert dei ulike variablane gjennomgått, og kommunane sine resultat på dei ulike indikatorane vert presentert.

³ Dette kan oppsummerast i formelen

$$Y = -10,2 + 0,21X_1 + 0,33X_2 + 0,16X_3 + 0,30X_4 - 0,10X_5 - 0,02X_6$$

der Y er uføregrad og X_1 til X_6 er nivået på dei uavhengige variablane 1 til 6.

Om tabellane: Tabellane har tre kollar med tal. Den farga kolumna viser verdi på aktuell delindeks. Den første talkolumna var grunnlaget for indeksen i AUD (2012). Indeksverdien i 2015 er basert på tala i den midtre talkolumna, men der kommunar/bydelar som har lik eller betre verdi i denne kolumna som beste verdi i første talkolumna (markert med *) får indekstal 0, mens kommunar/bydelar med lik eller dårlegare verdi enn dårlegaste verdi i første talkolumna (markert med **) får indekstal 100. Regionar er markert med feit font. Voss er einaste region som berre består av ein kommune/bydel. I 2012 gjaldt dette òg Bergen. Med unntak av Voss er det ikkje mogleg for regionane å få ekstremverdiar. Dei vil derfor ikkje påverke indeksringa av kommunane, men blir samanliknbare med dei.

Grunnskoledel (tel 26 %)

Tabellen viser delindeks for del innbyggjarar i alderen 30 til 39 år med grunnskole som høgaste fullførte utdanningsnivå (2013). Den statistiske samanhengen mellom helse og utdanning er godt dokumentert (NOU 2009:10): Låg utdanning aukar risikoen for uføretrygd.

Grunnskole som høgaste fullførte utdanning er den variabelen som vert tillagt størst vekt etter den statistiske analysen av dei ulike variablane, og tel 26 % av den samla risikoindeksen.

Fedje er den kommunen i Hordaland som har den største delen innbyggjarar i aldersgruppa 30 til 39 år med grunnskole som høgaste fullførte utdanning. 24,4 % av 30 til 39-åringane i kommunen fell inn i denne kategorien. Vaksdal og Øygarden har òg lik eller høgare grunnskoledel som referansepunktet i 2012 (Øygarden), og får derfor også verdien 100 på denne delindeksen i år.

I den andre enden av lista finn vi Ulvik. Berre 8,2 % av innbyggjarane i Ulvik i aldersgruppa 30-39 år har grunnskole som sin høgaste fullførte utdanning. Dette er lågast i fylket, men likevel høgare enn referansepunktet i 2012 (Modalen), og Ulvik får difor ikkje verdien 0 på delindeksen i år.

På regionsnivå ser vi at Osterfjorden og Vest i sum har høg del med låg utdanning, mens Bergen og Hardanger kjem best ut.

Kommune	Gr.skoledel 2010 (for AUD 2012)	Gr.skoledel 2013 (for 2015)	Delindeks 2015
Fedje	17,7	24,4	100
Vaksdal	15,7	22,1	100
Øygarden	22,1 **	23,9	100
Osterfjorden		20,1	87
Sund	18,3	20,1	87
Radøy	15,2	19,9	85
Osterøy	17,6	19,6	83
Austrheim	14,5	18,9	79
Fjell	17,5	18,3	74
Laksevåg		18,0	72
Sveio	19,2	17,3	68
Arna		17,2	67
Odda	12,4	17,2	67
Os	14,8	17,2	67
Vest		17,0	66
Fitjar	16,1	16,9	65
Bømlo	14,7	16,8	64
Tysnes	12,7	16,7	64
Kvinnherad	13,6	16,0	59
Bjørnefjorden		16,0	59
Sunnhordland		15,9	59
Stord	13,4	15,9	58
Nordhordland		15,8	58
Lindås	12,1	15,2	54
Voss	13,2	15,0	52
Åsane		14,8	51
Fyllingsdalen		14,7	50
Hordaland		14,6	50
Askøy	13,8	14,4	48
Meland	13,2	13,7	44
Etne	13,9	13,6	43
Bergen	12,0	13,4	42
Austevoll	10,6	13,1	40
Hardanger		13,1	40
Årstad		12,8	38
Eidfjord	10,5	12,2	34
Granvin	14,4	12,2	34
Fusa	10,0	11,9	32
Kvam	10,4	11,7	30
Modalen	7,2 *	11,4	28
Ullensvang	9,9	11,3	28
Jondal	8,7	11,2	27
Masfjorden	8,5	11,1	26
Samnanger	8,3	10,9	25
Fana		10,8	24
Bergenhus		10,7	23
Ytrebygda		10,2	20
Ulvik	9,2	8,2	7


Tabell 3: Delindeks for del 30-39-åringar med berre fullført grunnskole i 2013.

Datagrunnlag: khs.fhi.no.

Vegingsgrunnlag for å rekne ut regionverdiar: 30-39-åringar totalt per kommune i kvar region.

Snittalder (tel 22 %)

Tabellen viser den gjennomsnittlige alderen i kommunane i fylket per 1.1.2015. Risikoen for uføretrygd aukar med auka alder, som vist i figur 2 under. Her er prosent uføre i Noreg vist etter alder og kjønn per 31.3.2015.



Figur 3: Mottakarar av uføretrygd per 31.3.2015 som del av befolkninga etter alder og kjønn.

11/12 av 18-åringane og 1/12 av 67-åringane er inkludert i nemnarane. Datagrunnlag: NAV Statistikk.

Utan kontroll for andre variablar er det nasjonalt ein samanheng mellom snittalder og uføretrygd som gjer at ein kan vente ein auke i uføregraden på 0,7 prosentpoeng for kvart ekstra år i gjennomsnittsalder. Kontrollert mot utdanningsnivå, eineforsørgjarar, låginntektshushald, folkevekst og arbeidsplassdekning, står det att 0,3 prosentpoeng auke i uføregraden for kvart ekstra år i snittalder. Snittalder tel med det 22 % i den samla risikoindeksen.

Snittalderen aukar som kombinasjon av fleire eldre og fleire innflyttarar utan barn enn med barn. I fylket aukar den typisk med omtrent ein måned per år, men Øygarden, Etne og Fedje har fått redusert snittalder sidan førre indeks. Fedje har framleis den høgaste snittalderen i fylket. Fjell har framleis den yngste snittalderen, men må i år dele plasseringa med Meland.

Kommunane i region Vest samla sett har låg snittalder. I motsetnad til grunnskolevariabelen, der Hardanger samla sett kom relativt bra ut (best av regionane), er Hardanger den regionen som til saman har dei største utfordringane knytt til ein høg snittalder i befolkninga.

Kommune	Snittalder 2012 (for 2012)	Snittalder 2015 (for 2015)	Delindeks 2015
Fedje	45,1 **	44,6	95
Ulvik	44,0	44,3	92
Granvin	43,4	44,2	91
Jondal	44,0	44,2	91
Tysnes	43,7	43,8	86
Odda	43,5	43,7	85
Masfjorden	43,0	43,6	84
Eidfjord	42,0	43,4	82
Ullensvang	43,1	43,1	79
Hardanger		43,0	78
Vaksdal	42,3	43,0	78
Kvam	41,4	42,0	68
Samnanger	41,3	41,9	67
Fusa	41,1	41,6	64
Voss	41,6	41,6	64
Kvinnherad	40,3	41,4	61
Fyllingsdalen		41,2	59
Austrheim	40,9	41,0	57
Osterfjorden		40,7	54
Etne	40,7	40,5	52
Radøy	39,9	40,2	49
Modalen	39,1	39,8	45
Osterøy	39,4	39,5	42
Arna		39,4	41
Åsane		39,4	41
Fitjar	38,5	39,3	40
Sunnhordland		39,2	39
Nordhordland		39,0	36
Lindås	38,4	38,8	34
Bergenhus		38,7	33
Hordaland		38,7	33
Bergen	38,3	38,5	31
Laksevåg		38,5	31
Øygarden	38,7	38,5	31
Bømlo	37,7	38,3	29
Bjørnefjorden		38,2	28
Austevoll	37,9	38,1	27
Stord	37,4	37,9	25
Sveio	37,9	37,9	25
Fana		37,8	24
Årstad		37,5	21
Sund	37,0	37,3	19
Os	36,7	37,1	17
Vest		36,6	11
Ytrebygda		36,6	11
Askøy	36,1	36,5	10
Fjell	35,5 *	36,2	7
Meland	36,1	36,2	7

Tabell 4: Delindeks for snittalder, basert på berekna snittalder per 1.1.2015.

Datagrunnlag: SSB.

Eineforsørgjarar (tel 19 %)

Tabellen viser delindeks for eineforsørgjarar (personar med utvida barnetrygd) under 45 år av alle barnetrygdmottakarar i denne aldersgruppa (2011-2013).

Analysar viser at eineforsørgjarar oftare har lågare inntekt enn hushald med fleire vaksne medlemmar. Tap av forsørgjar gjennom skilsmisse eller død fører for mange til økonomiske problem (fhi.no).

Høg del eineforsørgjarar aukar risikoen for negativ folkehelseutvikling i kommunen. For kvar prosentening auke i delen eineforsørgjarar kan ein vente ein auke i uføregraden på 0,2 prosentpoeng. Delen eineforsørgjarar tel 19 % av den samla risikoindeksen.

Det er Fedje som har størst del eineforsørgjarar i Hordaland, med 26 %. Men også Odda (21 %), Modalen (20 %) og Fjell og tre av bergensbydelane (19 %), scorar høgt på denne variabelen.

Etne, Samnanger, Fusa og Ulvik er dei kommunane i fylket som har den lågaste delen eineforsørgjarar med 11 %.

På regionsnivå ser vi den same tendensen som for låg utdanning. Samla sett kjem Bergen og kommunane i Vest dårleg ut med tanke på tal eineforsørgjarar. Best ut kjem Voss og Sunnhordland.

Kommune	Einefors. 2008-10 (for 2012)	Einefors. 2011-13 (for 2015)	Delindeks 2015
Fedje	15,2	25,9	100
Odda	20,8 **	20,9	100
Modalen	14,5	20,0	92
Laksevåg		19,5	87
Årstad		19,3	85
Bergenhus		18,8	80
Fjell	18,5	18,7	79
Vaksdal	18,6	18,4	76
Åsane		18,4	76
Bergen	18,9	17,3	65
Fyllingsdalen		16,8	60
Vest		16,8	59
Øygarden	19,3	16,7	59
Hordaland		16,4	56
Stord	17,3	16,4	56
Arna		16,3	55
Os	16,9	16,3	55
Granvin	14,9	16,1	53
Hardanger		16,0	52
Kvinnherad	15,9	16,0	52
Lindås	16,5	15,8	49
Osterfjorden		15,7	48
Askøy	15,8	15,5	46
Meland	17,0	15,5	46
Ullensvang	13,7	15,5	46
Bjørnefjorden		15,2	43
Sund	17,7	15,2	43
Nordhordland		15,1	42
Fana		14,8	39
Sunnhordland		14,3	34
Osterøy	14,5	14,2	33
Voss	14,9	14,2	33
Austrheim	16,7	14,1	32
Eidfjord	13,6	14,1	32
Tysnes	14,1	13,8	29
Masfjorden	19,0	13,6	27
Ytrebygda		13,6	27
Kvam	12,9	13,4	25
Jondal	16,7	13,1	22
Sveio	12,8	12,7	18
Bømlo	14,5	12,6	17
Radøy	13,4	12,3	14
Fitjar	16,2	11,9	10
Austevoll	11,5	11,5	6
Ulvik	12,4	11,4	5
Fusa	10,9 *	11,2	3
Samnanger	12,6	11,1	2
Etne	13,0	10,5	0

Tabell 5: Delindeks for eineforsørgjarar under 45 som del av alle barnetrygdmottakarar.

Datagrunnlag: khs.fhi.no.

Vegingsgrunnlag for å rekne ut regionverdiar: berekna tal barnetrygdmottakarar under 45 i alt.

Låginntekt (tel 18 %)

Tabellen viser delindeks for låginntektshushald (del hushald i kommunane med inntekt under 60 % av medianinntekt, målt etter EU-skala). Inntekt og økonomi er grunnleggjande påverknadsfaktorar for helse, og forskning syner at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsestilstand. Låg inntekt aukar sjansen for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død (fhi.no). Låg inntekt aukar også risikoen for uføretrygd, og variabelen tel 18 % av den samla risikoindeksen.

Trygd er relativt låg inntekt, så kausaliteten mellom låg inntekt og trygd kan gå begge vegar. Mellom norske kommunar er den *bivariate* samvariasjonen mellom låginntekt og trygd svært sterk: For kvart prosentpoeng auke i låginntektsdelen i ein kommune, aukar uføregraden med 0,7 prosentpoeng (og vice versa). I vår *multivariate* modell, der vi kontrollerer for påverknad frå andre variablar, er auken i uføregraden på 0,3 prosentpoeng for kvart prosentpoeng auke i låginntektsdelen. Samvariasjonen mellom låginntekt og trygd blir dermed *moderert* når vi kontrollerer for dei andre variablane i modellen.

Bergen ligg både på topp og i botn på denne lista. Årstad og Bergenhus har dei største delane låginntektshushald, mens Ytrebygda og Fyllingsdalen har dei lågaste delane låginntektshushald. Den kommunen som har størst del innbyggjarar med låginntekt er Granvin, med 10,6 %. Austrheim og Meland er dei kommunane som har den lågaste delen med låginntekt, med 6,3 %.

I alt er det no fire kommunar og to bydelar med lik eller lågare del låginntektshushald som i 2012, og dermed er det langt fleire med verdien null på delindeksen. I motsett ende har dei to bydelane i Bergen med høgast del låginntektshushald langt større del enn den høgaste verdien i 2012. Det er derimot positivt at dei to høgaste kommuneverdiene i år er 68 og 66. For tre år sidan var dei 100 og 82, og for andre kommunar.

Av regionane er det Nordhordland og Vest som kjem best ut, og Bergen som kjem dårlegast ut.

Kommune	Låginntekt 2008-09 (for 2012)	Låginntekt 2012-13 (for 2015)	Delindeks 2015
Årstad		17,4	100
Bergenhus		16,7	100
Granvin	8,8	10,6	68
Bergen		10,4	66
Vaksdal	9,2	10,0	58
Laksevåg		9,9	57
Tysnes	10,6	9,6	52
Eidfjord	9,6	9,5	50
Ullensvang	9,1	9,3	48
Hordaland		9,1	44
Voss	9,1	9,0	42
Kvinnherad	7,9	8,7	38
Osterfjorden		8,7	38
Radøy	8,7	8,7	38
Hardanger		8,7	37
Kvam	8,0	8,7	37
Ulvik	12,5 **	8,7	37
Fedje	7,9	8,4	32
Modalen	11,4	8,4	32
Sveio	8,2	8,4	32
Bømlo	7,9	8,3	31
Sund	8,1	8,3	30
Arna		8,2	29
Fusa	9,1	8,2	29
Odda	8,7	8,2	29
Etne	8,6	8,1	27
Osterøy	8,7	8,1	27
Sunnhordland		8,1	27
Jondal	9,9	7,9	25
Øygarden	7,0	8,0	25
Bjørnefjorden		7,6	20
Os	7,1	7,6	19
Stord	6,9	7,5	17
Fitjar	7,3	7,4	16
Austevoll	6,6	7,2	13
Nordhordland		7,0	11
Samnanger	8,1	7,1	11
Lindås	7,0	7,0	10
Åsane		6,9	8
Fana		6,8	7
Vest		6,8	6
Fjell	6,6	6,6	2
Askøy	6,7	6,4	0
Masfjorden	6,9	6,4	0
Austrheim	6,8	6,3	0
Meland	6,4 *	6,3	0
Fyllingsdalen		6,3	0
Ytrebygda		5,4	0

Tabell 6: Delindeks for låginntektshushald (snitt for 2012-2013).

Datagrunnlag: SSB.

Vegingsgrunnlag for å rekne ut regionverdiar: hushald i alt.

Folkevekst (tel 9 %)

Tabellen viser delindeks for folkevekst. I indeksen er folketalsutviklinga i kommunane målt i prosent mellom 2013 og 2015.

Svak folketalsutvikling aukar risikoen for dårlegare folkehelse. Berre målt mot uføregrad, synast det å vere ein svært sterk samanheng mellom folkevekst og uføregrad (AUD 2012, s. 28), men når det blir kontrollert for dei andre variablane i modellen, tel befolkningsvekst berre ni prosent i den samla risikoindeksen. For kvart prosentpoeng auke i folkeveksten går uføregraden ned 0,1 prosentpoeng.

Modalen har hatt den svakaste befolkningsutviklinga i fylket i perioden med ein nedgang i folketallet på 1,3 %. Fedje og Vaksdal har hatt nesten like stor prosentnedgang. Likevel er nedgangen mindre enn den største nedgangen i førre indeks, og det er ingen kommunar som i år scorar 100.

I førre indeks kom Modalen best ut, med den største relative befolkningsveksten i perioden før på 7,6 %. Dermed går Modalen frå null poeng i førre indeks til 84 poeng i årets delindeks. Når folkevekst tel ni prosent i den samla indeksen, gir dette Modalen 7,6 fleire poeng i den samla risikoindeksen samanlikna med førre indeks.

Det er også mindre vekst blant dei med vekst, og det er dermed heller ingen kommunar som scorar null i årets indeks.

Os og Meland har i perioden mellom 2013 og 2015 hatt den sterkaste folkeveksten, noko som gir dei 22 folkevekstpøeng i delindeksen og to poeng i samleindeksen.

Av regionane er det Vest og Bjørnefjorden som kjem best ut, og Hardanger og Osterfjorden som kjem dårlegast ut.

Kommune	Folkevekst 2010-12 (for 2012)	Folkevekst 2013-15 (for 2015)	Delindeks 2015
Modalen	7,6 *	-1,3	84
Fedje	-3,0 **	-1,1	82
Vaksdal	0,8	-0,9	80
Ulvik	-1,5	-0,5	77
Kvam	1,9	-0,5	77
Odda	-1,4	-0,5	77
Kvinnherad	1,0	-0,2	74
Eidfjord	-0,1	-0,2	74
Hardanger		0,0	72
Radøy	2,6	0,2	70
Ullensvang	1,0	0,2	69
Samnanger	1,8	0,4	68
Masfjorden	2,9	0,5	67
Fusa	-0,3	0,5	67
Austrheim	1,4	0,8	64
Fyllingsdalen		1,0	62
Osterfjorden		1,0	62
Bømlo	2,0	1,1	62
Jondal	1,4	1,2	60
Laksevåg		1,4	59
Etne	2,1	1,6	57
Ytrebygda		1,6	57
Tysnes	-0,5	1,7	56
Sunnhordland		1,7	56
Granvin	-2,5	1,9	54
Sveio	4,6	2,0	53
Voss	0,5	2,0	53
Åsane		2,0	53
Osterøy	1,3	2,2	51
Bergen	2,8	2,7	46
Hordaland		2,7	46
Stord	2,2	2,9	44
Nordhordland		3,1	42
Årstad		3,4	40
Arna		3,4	39
Austevoll	4,8	3,6	38
Sund	5,4	3,7	37
Øygarden	3,6	3,7	37
Fana		3,7	36
Askøy	4,9	3,8	36
Fitjar	0,4	3,8	36
Lindås	2,7	3,9	35
Bjørnefjorden		4,0	34
Bergenhus		4,1	33
Vest		4,2	32
Fjell	4,1	4,9	25
Meland	6,1	5,3	22
Os	6,2	5,3	22

Tabell 7: Delindeks for prosent folkevekst mellom 2013 og 2015.

Datagrunnlag: SSB.

Arbeidsplassdekning (tel 7 %)

Tabellen viser delindeks for arbeidsplassdekninga i kommunane (veke 47, 2014 for kommunane og 2011 [folke- og bustadteljinga] for bydelane i Bergen). Arbeidsplassdekning viser kor stor del av arbeidsstyrken i kvar kommune/bydel det teoretisk sett er sysselsetting for i eigen arbeidsmarknad. Regionar, kommunar og bydelar som har ein dekningsgrad under 100 har færre arbeidsplassar enn arbeidstakarar.

Arbeidsplassdekning er den einaste av fem arbeidslivsrealterte variablar som nådde vekt over fem prosent ved indekxkonstruksjonen. Målt åleine opp mot uføregrad ser det ikkje ut til å vere nokon samanheng mellom arbeidsplassdekning og uføretrygd (AUD 2012, s. 29), men når det samstundes blir kontrollert mot dei andre variablane i modellen vår, gir låg arbeidsplassdekning så vidt auka risiko for auka grad av uføretrygd. Effekten er ikkje stor: For kvart prosentpoeng auke i arbeidsplassdekninga, blir uføregraden redusert med 0,02 prosentpoeng. Effekten er likevel signifikant, og nok til å telje sju prosent av den samla risikoindeksen. Dette kan ha samanheng med tilgangen til alternativt arbeid ved til dømes jobbskifte eller omskoleing. Låg arbeidsplassdekning seier òg noko om at ein kan bli tvungen til å pendle, noko som igjen kan vere ei ekstra utfordring for familiar med få ressursar.

Den høgaste arbeidsplassdekninga i fylket finn vi ikkje uventa i Bergenhus, med ein dekningsgrad på heile 257 %. Ytrebygda har òg svært høg arbeidsplassdekning. Det er i tillegg fire kommunar i fylket som har ein arbeidsplassdekning på over 100 %: Odda, Stord, Austevoll og Modalen. Bergen er einaste region med dekningsgrad over 100. Den lågaste arbeidsplassdekninga finn vi Samnanger med 46 %. Samnanger har dermed under halvparten så mange arbeidsplassar som dei har arbeidstakarar. Også Sund, Sveio, Askøy og Meland har arbeidsplassdekning nær halvparten av arbeidsstyrka.

Kommune	Dekningsgrad 2011 (for 2012)	Dekningsgrad 2014 (for 2015)	Delindeks 2015
Samnanger	48 **	46	100
Sveio	51	52	95
Sund	50	52	94
Askøy	53	54	93
Meland	58	54	92
Laksevåg	58	†	87
Os	62	58	87
Radøy	62	61	83
Granvin	72	62	82
Arna	63	†	81
Bjørnefjorden		63	81
Øygarden	64	65	79
Osterøy	68	66	77
Fyllingsdalen	67	†	76
Masfjorden	65	68	75
Osterfjorden		69	73
Vaksdal	75	69	73
Åsane	69	†	73
Vest		70	72
Fana	74	†	67
Jondal	79	74	67
Nordhordland		74	67
Ullensvang	81	74	67
Fitjar	80	77	63
Etne	82	78	62
Eidfjord	77	80	59
Austrheim	77	81	58
Tysnes	79	82	57
Ulvik	83	82	57
Bømlo	84	82	56
Årstad	86	†	52
Lindås	93	87	50
Hardanger		88	49
Sunnhordland		89	47
Kvinnherad	91	89	47
Kvam	90	90	46
Fjell	92	95	40
Voss	93	96	39
Hordaland		97	37
Fusa	93	98	36
Fedje	98	98	36
Odda	106	103	30
Stord	100	103	30
Austevoll	103	112	18
Bergen	114	113	17
Modalen	126 *	118	11
Ytrebygda	153	†	0
Bergenhus	257	†	0

Tabell 8: Delindeks for arbeidsplassdekning i 2014 († data for 2011 er brukt for bydelane).

Datagrunnlag: SSB.

Samla risikoindeks og omtale av kvar kommune

År vekt	Rang «Kommune-rang»			Grunn-skole	Snittal-der	Einefor-sørgja-rar	Låginn-tekt	Folke-vekst	Arbeids-beids-plass-dekning	Risikoindeks	
	2015	2012	2015	26%	22%	19%	18%	9%	7%	2012	2015
Fedje	1	1	1	100	95	100	32	82	36	65	81
Vaksdal	2	2	2	100	78	76	58	80	73	64	80
Odda	3	3	3	67	85	100	29	77	30	63	69
Laksevåg	4	.	.	72	31	87	57	59	87	.	64
Granvin	5	5	4	34	91	53	68	54	82	59	61
Osterfjorden	5	.	.	87	54	48	38	62	73	.	61
Tysnes	7	6	5	64	86	29	52	56	57	58	59
Øygarden	8	4	6	100	31	59	25	37	79	60	57
Årstad	9	.	.	38	21	85	100	40	52	.	56
Kvinnherad	10	18	7	59	61	52	38	74	47	45	55
Hardanger	11	.	.	40	78	52	37	72	49	.	54
Radøy	11	13	8	85	49	14	38	70	83	46	54
Eidfjord	13	13	9	34	82	32	50	74	59	46	53
Ullensvang	13	18	9	28	79	46	48	69	67	45	53
Osterøy	15	9	11	83	42	33	27	51	77	51	52
Arna	16	.	.	67	41	55	29	39	81	.	51
Bergenhus	17	.	.	23	33	80	100	33	0	.	50
Sund	17	10	12	87	19	43	30	37	94	49	50
Austrheim	19	12	13	79	57	32	0	64	58	47	49
Modalen	19	32	13	28	45	92	32	84	11	30	49
Voss	19	10	13	52	64	33	42	53	39	49	49
Fyllingsdalen	22	.	.	50	59	60	0	62	76	.	48
Åsane	22	.	.	51	41	76	8	53	73	.	48
Bergen	24	13	16	42	31	65	66	46	17	46	47
Hordaland	25	.	.	50	33	56	44	46	37	.	46
Jondal	25	8	17	27	91	22	25	60	67	53	46
Kvam	27	24	18	30	68	25	37	77	46	36	44
Sveio	27	18	18	68	25	18	32	53	95	45	44
Os	29	24	20	67	17	55	19	22	87	36	43
Sunnhordland	29	.	.	59	39	34	27	56	47	.	43
Bjørnefjorden	31	.	.	59	28	43	20	34	81	.	42
Bømlo	31	23	21	64	29	17	31	62	56	38	42
Masfjorden	31	13	21	26	84	27	0	67	75	46	42
Nordhordland	31	.	.	58	36	42	11	42	67	.	42
Fjell	35	22	23	74	7	79	2	25	40	39	41
Stord	36	24	24	58	25	56	17	44	30	36	40
Ulvik	36	7	24	7	92	5	37	77	57	55	40
Vest	36	.	.	66	11	59	6	32	72	.	40
Lindås	39	27	26	54	34	49	10	35	50	35	39
Fitjar	40	13	27	65	40	10	16	36	63	46	38
Etne	41	21	28	43	52	0	27	57	62	43	37
Samnanger	41	27	28	25	67	2	11	68	100	35	37
Fusa	43	27	30	32	64	3	29	67	36	35	36
Askøy	44	30	31	48	10	46	0	36	93	32	33
Meland	45	31	32	44	7	46	0	22	92	31	30
Fana	46	.	.	24	24	39	7	36	67	.	28
Austevoll	47	33	33	40	27	6	13	38	18	18	24
Ytrebygda	48	.	.	20	11	27	0	57	0	.	18

Tabell 9: Samla risikoindeks for folkehelse

Sjå tekst for forklaring. Kjelde: Hordaland fylkeskommune

Tabell 9 viser kommunane sine indeksverdiar på dei ulike delindeksane, samt plasseringa på den samla risikoindeksen.

Den samla risikoindeksen viser at av kommunane i Hordaland er det **Fedje** som framleis har størst folkehelsesårbarheit. Fedje får 100 poeng på to av seks delindeksar (grunnskole og eineforsørgjarar), 95 poeng for snittalder, og 82 poeng for folkevekst. Det tel positivt for Fedje at øykommunen har ein av fylkets høgaste arbeidsplassdekningar, og kommunen har sin lågaste risiko knytt til delen låginntektshushald. Fedje går opp 16 poeng frå 2012. Dette skuldast i hovudsak auke i delen lågtudanna og eineforsørgjarar.

Rett bak Fedje følgjer **Vaksdal**. Vaksdal scorar generelt ganske dårleg på dei fleste delindeksane. Vaksdal får sin høgaste delindeksrisiko for grunnskoledelen, og har den nest høgaste låginntektsdelen blant kommunane. Også Vaksdal har same plassering i risikoindeksen som ved førre indeks, og går også opp 16 poeng.

Odda har den tredje høgaste folkehelsesårbarheita (òg som i 2012). Det er spesielt snittalder, eineforsørgjarar og folkevekst som gir Odda høg risiko. På den positive sida er delen med låg inntekt relativt låg, og arbeidsplassdekninga høg.

Laksevåg er den av bydelane i Bergen som kjem høgast opp på risikoindeksen, på fjerdeplass i samla rangering. Bydelen får høge delpoeng for høg del eineforsørgjarar og låg arbeidsplassdekning, og mange poeng for høg grunnskoledel. Til saman tel desse tre delindeksane over 41 av bydelens 64 poeng. Laksevåg kjem godt ut på snittalder.

Granvin har den femte høgaste folkehelsesårbarheita, og den fjerde høgaste blant kommunane (ein plass opp frå 2012). Granvin får spesielt høg risiko på snittalder og arbeidsplassdekning, og relativt låg risiko for delen grunnskoleutdanna 30-39-åringar.

I indeksen som samanliknar bydelar, kommunar, regionar og fylket, kjem **Osterfjorden** på delt femteplass med Granvin. Osterfjorden blir

trekt opp av den høge risikoen for Vaksdal, men er nærare Osterøy enn Vaksdal i risikopoeng.

Tysnes er òg opp ein plass i kommunerangeringa (frå sjetteplass i 2012 til femteplass i 2015). Det er spesielt snittalder som aukar risikoen, men Tysnes får òg relativt høg risiko for delen 30-39-åringar med berre grunnskole, folkevekst og arbeidsplassdekning.

Øygarden er no på sjetteplass blant kommunane og åttandeplass i alt. Trekk vi frå regionane og bydelane, er dette to plassar betre enn i 2012. Øygarden har særst høg risiko grunna delen 30-39-åringar med berre grunnskole, og grunna låg arbeidsplassdekning. Derimot kjem kommunen nokså godt ut på delindeksane for låginntekt og snittalder.

Årstad er ein bydel i Bergen med stor spreiding i levkår i kommunens eigne levkårsundersøkingar. Målt mot kommunane i fylket, kjem bydelen på niandeplass i rangeringa av alle nivå. Årstad sine styrker er låg snittalder, relativt låg grad av lågtudanna og relativt høg folkevekst, men har si desidert største utfordring i svært høg del låginntektshushald, og ei stor utfordring i delen eineforsørgjarar blant dei med barn.

Kvinnherad har vesentleg høgare risiko i 2015 enn i 2012. I 2012 stod Kvinnherad på ein delt 18. plass. No står kommunen på sjuandeplass. I risiko har Kvinnherad gått frå 45 til 55 poeng. Det er grunnskoledel, snittalder og folkevekst som har trekt Kvinnherad høgare opp på risikoindeksen.

Hardanger får nest høgast risiko av regionane, og er samla på ein delt 11. plass i rangeringa. Hardanger får høg risiko for snittalder og folkevekst, og få spesielt låge risikoar på andre variablar.

Radøy har gått frå 13.- til åttandeplass i kommunerangeringa, og opp åtte poeng frå 46 risikopoeng i 2012 til 54 i 2015. Spesielt grunnskole og folkevekst gir Radøy auka risiko, mens kommunen gjer det betre på del eineforsørgjarar.

Eidfjord var på delt 13. plass med Radøy, Masfjorden og Fitjar i 2012, og er på niandeplass

blant kommunane i 2015. Kommunen får auka risiko på fire av seks delindeksar. Størst er auken for snittalder, frå 67 til 82 poeng. Eidfjord har nokså låg risiko for grunnskole delen og del eineforsørgjarar.

Ullensvang er på delt plass med Eidfjord, mot 18. plass i 2012. Risikoindeksen for heradet har gått opp åtte poeng frå 2012. Heradet får auka risiko på delindeksane for grunnskole og eineforsørgjarar, elles er det omtrent likt. Ullensvang har sine styrker i relativt låg del 30-39-åringar med berre grunnskole. Heradet har sine svakheiter i høg snittalder, låg folkevekst og låg arbeidsplassdekning.

Osterøy får eitt poeng meir i år enn i 2012, men går ned i kommunerangeringa frå niande til 11. plass. I samla rangering ligg Osterøy på 15. plass. Kommunen er omtrent uendra på delindeksane for snittalder og eineforsørgjarar, men gjer det noko dårlegare på grunnskole delen og noko betre på låginntekt, som òg er blant kommunens største fortrinn (relativt låg del eineforsørgjarar og relativt få låginntektshushald). Størst utfordring for Osterøy er låg arbeidsplassdekning og høg del med berre grunnskole.

Arna blir trekt ned for låg arbeidsplassdekning, og har sine største fortrinn i folkeveksten og i delen låginntektshushald. Delt 16. plass i alt, med 51 poeng.

Bergenhus har saman med Årstad høgast risiko på indeksen for låginntektshushald, og får også høg risiko for delen eineforsørgjarar. I motsett ende har Bergenhus den høgaste arbeidsplassdekninga, og gjer det elles greitt på dei andre delindeksane. I sum havnar Bergenhus nøyaktig på midten av kva som er teoretisk mogleg å få av poeng.

Sund får også 50 poeng, eitt meir enn i 2012. Sund går frå ein delt tiande til ein 12. plass blant kommunane (delt 17. plass i alt, saman med Bergenhus). Den betra plasseringa skuldast nesten utelukkande reduksjonen i delindeksen for eineforsørgjarar, frå 69 til 43 poeng. Kommunen gjer det omtrent likt på snittalder, låginntekt og arbeidsplassdekning, og ein del dårlegare på grunnskole delen og folkevekst.

Austrheim var på 12. plass i 2012, og er på 13. plass av kommunane i 2015, sjølv om kommunen får to poeng meire i 2015 enn i 2012. Det betyr at det er den relative utviklinga til kommunen som avgjer endringa i rangering (altså korleis dei andre kommunane gjer det). To delindeksar har derimot endra seg mykje for Austrheim. Kommunen har fått 30 fleire delindekspoeng for grunnskolegraden og 27 færre poeng for delen eineforsørgjarar. Kommunen gjer det (som sist) svært godt på låginntektsdelen.

Modalen får òg 49 poeng. Dette er opp 19 poeng sidan 2012, og går frå å ha den nest beste plasseringa i 2012-indeksen til den 13. dårlegaste plasseringa av kommunane i 2015. I 2012 hadde Modalen best plassering på grunnskole delen, folkevekst og arbeidsplassdekning. Delindeksane kan endre seg raskt for ein så liten kommune som Modalen. I 2015 har Modalen fått 28 fleire poeng for grunnskole, sju fleire poeng for snittalder, hele 56 fleire poeng for eineforsørgjarar, 11 fleire poeng for arbeidsplassdekning, og 84 fleire poeng for folkevekst (-reduksjon). Til gjengjeld har Modalen fått 50 færre poeng for delen låginntektshushald. I sum gir dette altså 19 fleire poeng i indeksen.

I risiko står **Voss** likt i år med 2012 (49 poeng), men som kommune har Voss gått frå tiande til 13. plass (delt med Modalen og Austrheim), som region ligg Voss på tredje plass, og i rangeringa totalt ligg Voss på ein delt 19. plass. På fire av dei seks delindeksane er det små endringar, men på grunnskole gjer Voss det noko dårlegare, og på folkevekst noko betre. Voss ligg mykje på det jamne, men har sin største utfordring i litt høg snittalder, og største fortrinn i noko låg del eineforsørgjarar.

Fyllingsdalen har sitt største fortrinn i få låginntektshushald, men blir trekt ned for låg arbeidsplassdekning, relativt låg folkevekst, nokså høg del eineforsørgjarar, samt for den høgaste snittalderen i Bergen (og 16. høgaste snittalderen i fylket – målt mot kommunane). 22. plass i alt, med 48 poeng.

Som storby er **Bergen** venteleg mykje på det jamne: 47 poeng i samla indeks (opp eitt poeng frå 2012), og pluss/minus 20 poeng frå midten på fem av seks delindeksar. Unntaket er ar-

beidsplassdekning, der Bergen samla sett får 17 poeng. Bergen sine største utfordringar ligg i relativt høge delar eineførsørgjarar og låginntektshushald. Som kommune kjem Bergen på 16. plass (forbetring med tre plassar frå 2012), som region på fjerde plass, og i total rang på 24. plass (av 48 plassar).

Hordaland ligg naturlegvis tett på Bergen, men det er eit par større avvik: der Bergen scorar 16 poeng over middels på låginntekt, scorar Hordaland seks poeng *under* middels, og der Bergen scorar 17 poeng på arbeidsplassdekninga, har Hordaland under 100 % arbeidsplassdekning og scorar 37 poeng. Mindre forskjellar finn ein i grunnskoleledelen, der Bergen har lågare del med berre grunnskole enn Hordaland, og i eineførsørgjardelen, der Bergen har høgare del eineførsørgjarar enn snittet for Hordaland.

Jondal har veldig høg snittalder, men scorar lågt på dei tre andre tunge delindeksane (grunnskole, eineførsørgjarar og låginntekt), og har gått mykje ned på delindeksane for to av dei (låginntekt og eineførsørgjarar). Jondal styrkar dermed si plassering frå åttande til 17. plass blant kommunane, med ein reduksjon frå 53 til 46 poeng i risikoindeksen.

Kvam går motsett veg av Jondal, og aukar frå 36 til 44 poeng. Med det går heradet frå 24. til 18. plass i kommunerangeringa. Auken er delt utover fleire delindeksar, med nokre poeng her og der. Størst er auken i folkevekstindeksen, med 24 poeng, men dette tel berre 1,7 poeng av den samla auken på åtte poeng. Kvam sitt største fortrinn ligg i låg del eineførsørgjarar, mens den viktigaste utfordringa ligg i relativt høg snittalder. Reduksjon i folketalet har òg blitt ei utfordring for heradet.

Sveio ligg på same plass i kommunerangeringa i år som i 2012. I sum går kommunen ned eitt poeng, og den står likt eller omtrent likt plassert på fire av seks delindeksar. Sveio forbetrar sin posisjon med 13 færre poeng på grunnskoleindeksen og forverrar han med 25 fleire poeng på folkevekstindeksen.

Os får sju fleire poeng i år, og går opp fire plassar i rangeringa blant kommunane. Det er litt auke på dei fleste delindeksane, der grunnskoleledelen som går mest opp med 16 poeng. Un-

taket er eineførsørgjarar som går ned seks poeng. Til tross for jamn auke, gjer Os det framleis ganske godt på fleire av delindeksane, der låg snittalder, høg folkevekst og få låginntektshushald er kommunen sine største føremon. Den har mest å hente på å tiltreke seg fleire høgutdanna, samt å få fleire arbeidsplassar til kommunen.

Sunnhordland er på femteplass blant regionane. Fem av dei åtte sunnhordlandskommunane har lågare risiko enn regionen. Dermed er det dei tre som har høgare risiko som trekk Sunnhordland opp, og spesielt Kvinnherad (i kraft av sin storleik). Regionen har færre enn 50 risiko-poeng på fire av seks delindeksar, og i sum deler den rangering med Os. Største føremon er relativt få låginntektshushald. Dei to største utfordringane (med delindeksar over 50 risiko-poeng) er folkevekst og grunnskoleled.

Bjørnefjorden kjem tett på Sunnhordland, med ein delt sjetteplass blant regionane, og eitt poeng mindre enn Sunnhordland (og Os). Os er den desidert mest dominerande kommunen i regionen, og det er å vente at regionen får risiko tett på Os. Det er likevel nokre forskjellar: Grunnskoleledelen og eineførsørgjardelen er lågare, snittalderen er høgare, folkeveksten er lågare, og arbeidsplassdekninga er høgare. Delen låginntektshushald er omtrent likt.

Bømlo går opp to plassar i kommunerangeringa, og fire poeng i samla indeks. Som for Os, får Bømlo auka risiko på alle delindeksane utanom eineførsørgjarindeksen. Denne er blitt kommunen sitt største føremon. Bømlo gjer det også greitt på snittalder og låginntekt.

Masfjorden får fire færre poeng og går frå 13. plass til 21. plass blant kommunane. Kommunen går frå ni til null poeng i delindeksen for låginntekt, men den største endringa er i delen eineførsørgjarar, der kommunen går ned heile 55 poeng! Kommunen ligg òg godt på grunnskoleledelen, sjølv om denne har auka frå ni til 26 poeng. Snittalderen er meir strukturell, og denne står no att som den største utfordringa for kommunen. Andre utfordringar ligg i relativt låg folkevekst og arbeidsplassdekning.

Nordhordland ligg på delt plass med Bjørnefjorden. Fire av seks nordhordlandskommunar

har høgare plassering enn regionen samla, noko som betyr at regionen får positive utslag frå dei to største kommunane, Lindås og Meland. Meland er den kommunen som kjem nest best ut av alle kommunane, med 32. plass, mens Lindås kjem på 26. plass. Dei største utfordringane for Nordhordland er over middels grunnskolegrad og under middels arbeidsplassdekning. Nordhordland sitt største føremon er få låginntektshushald. Tre av dei fire kommunane som scorar null på delindeksen for låginntektshushald ligg i Nordhordland.

Fjell scorar svært godt på snittalder og låginntekt, men relativt dårleg på grunnskoledele og eineforsørgjarar. I alt får Fjell 41 poeng (opp to frå 2012), men går ned ein plass i kommunerangeringa.

Stord deler samla plassering med Ulvik og Vest. Kommunen aukar samla indeks med fire poeng sidan 2012, men står på same plass som sist blant kommunane. Kommunen får lågare risiko på tre delindeksar (eineforsørgjarar, folkevekst og arbeidsplassdekning), og høgare risiko på dei tre andre. Stord sine største utfordringar ligg i delen 30-39-åringar med berre grunnskole, og i delen eineforsørgjarar (sjølv om denne har blitt betre sidan sist). Stord sitt fremste føremon ligg i relativt låg del låginntektshushald (sjølv om denne har auka sidan sist).

Ulvik har same samla plassering som Stord, men har særst annleis risiko på delindeksane: Der vi finn dei største utfordringane for Stord, har Ulvik sine største føremon (grunnskole og eineforsørgjarar), mens der Stord har eit av sine føremon, har Ulvik sine største utfordringar (snittalder). I sum kjem dei likevel likt ut, og Ulvik har rast i rangeringa frå sjuandeplass blant kommunane i 2012 til delt 24. plass i 2015. Det er spesielt endringa i delindeksen for låginntektshushald som har bidrege til dette: I 2012 fekk Ulvik 100 poeng for låginntektshushald, mens heradet får 37 poeng på denne delindeksen i 2015.

Vest har òg same plassering som Stord og Ulvik (i samla rang). Av regionane ligg Vest med den lågaste poengsummen, og er soleis den regionen med lågast risiko. Av kommunane

i regionen er det likevel berre Askøy med lågare risiko, og Øygarden og Sund ligg nokså høgt oppe i risikoindeksen. Det er med andre ord dei store kommunane Fjell og Askøy som avgjer plasseringa av regionen. Regionens sine fremste føremon er låg del låginntektshushald og låg snittalder. Dei største utfordringane ligg i relativt høg del med berre grunnskoleutdanning, over middels grad av eineforsørgjarar og relativt låg arbeidsplassdekning.

Lindås har litt høgare risiko i år enn i 2012. Kommunen får fire fleire poeng, og rykker eitt hakk oppover på kommunerangeringa. Størst endring har vore i delen med berre grunnskole. Denne har auka frå 12 til 15 %, noko som medfører 21 fleire poeng på denne delindeksen. Dette er no blitt Lindås' største utfordring. Kommunen står omtrent uendra på den delindeksen som er dens fremste føremon (låginntekt).

Fitjar har hatt ein kraftig reduksjon i delen eineforsørgjarar, frå 16 til 12 %, noko som resulterer i 44 færre poeng på denne delindeksen. I alt går Fitjar ned åtte poeng, og frå delt 13. til 27. plass blant kommunane. Låg del eineforsørgjarar har no blitt Fitjars største føremon, saman med låg del låginntektshushald (som er omtrent uendra sidan 2012). Fitjar har framleis nokre utfordringar, spesielt i utdanningsgrad og i arbeidsplassdekning.

Etne står omtrent likt som sist på dei to tyngste delindeksane (grunnskole og snittalder), og risikoen går ned på dei to delindeksane vekta 19 og 18 % (eineforsørgjarar og låginntekt). Delindeksen for eineforsørgjarar har gått ned frå 21 til null poeng, og låginntektsindeksen har gått ned frå 36 til 27 poeng. Risikoen på dei to lågast vekta delindeksane (folkevekst og arbeidsplassdekning) har gått noko opp. I sum har Etne gått frå 43 til 37 poeng, og i kommunerangeringa frå 21. plass til delt 28. plass.

Samnanger har eit sprang i delindeksane frå høgast risiko for arbeidsplassdekning til nest lågast risiko på delindeksen for eineforsørgjarar. Arbeidsplassdekninga har blitt lågare sidan 2012, men fordi Samnanger alt hadde verdien 100 på denne delindeksen i 2012, kan kommunen ikkje få *enda* høgare risiko i 2015. Delen

eineforsørgjarar har gått noko ned, med følgjande endring frå 17 til 2 poeng. Låg del eineforsørgjarar har dermed blitt kommunens største føremon, mens den låge delen med berre grunnskoleutdanning har gått noko opp. Samnanger får òg høgare risiko for snittalder og folkevekst, men lågare risiko for låginntektshushald. I sum går kommunen opp to poeng, men har forbetra plasseringa si med ein plass.

Fusa har auka samla indeks med eitt poeng, men forbetrar plasseringa si blant kommunane med tre plassar. Dei tre tyngst vekta delindeksane (grunnskole, snittalder og eineforsørgjarar) har fått noko auka risiko, mens dei tre lågast vekta delindeksane (låginntekt, folkevekst og arbeidsplassdekning) har fått noko mindre risiko. Fusa sine største utfordringar ligg i relativt høg snittalder og relativt låg folkevekst, mens dei største føremona ligg i svært låg del eineforsørgjarar og låg del låginntektshushald.

Askøy har ikkje store endringar sidan sist. Største utfordring er få arbeidsplassar i kommunen, mens dei største føremona er svært låg del låginntektshushald og låg snittalder.


Meland kjem ut med nest lågast risiko blant kommunane, og fjerde lågaste risiko i alt. Kommunen står omtrent uendra på dei to tyngste delindeksane (grunnskole og snittalder), og går noko opp på dei to minst vekta delindeksane (folkevekst og arbeidsplassdekning). Delen eineforsørgjarar har gått ein del ned. I sum er det små endringar.

Fana kjem nest best ut blant bydelane i Bergen, og tredje best ut i alt. Bydelen har sitt største føremon i låg del låginntektshushald, og si største utfordring i relativt låg arbeidsplassdekning. Dette behøver ikkje slå ut reelt, fordi Fana ligg mellom Bergenhus og Ytrebygda som har svært høg arbeidsplassdekning. Om vi korrigerer for dette ville Fana fått omtrent like låg risiko som Austevoll.

Austevoll er det einaste av områda som har mindre enn 50 poeng på samtlege av delindeksane, og får, som for tre år sidan, den beste plasseringa i risikoindeksen blant kommunane. Austevoll går likevel noko opp i risiko på grunn av større del lågtutdanna, som er den tyngst vekta delindeksen, og må sjå seg slått av nykommaren Ytrebygda i samla poengsum. Endringa frå 23 til 40 poeng på grunnskoleindeksen til Austevoll utgjør 4,5 poeng i den samla indeksen, som i alt stig med seks poeng.

Ytrebygda får i år den poengsummen som Austevoll hadde sist, og er einaste område med null poeng på to delindeksar. Bydelen får høgast risiko for folkeveksten. Omsett til vekta poeng gir desse 57 poenga derimot nøyaktig lik risiko som dei 27 poenga Ytrebygda får for sin relativt låge del eineforsørgjarar, og omtrent den same risikoen som dei 20 poenga bydelen får for relativt låg del med berre grunnskole blant 30-39-åringane. I sum får Ytrebygda den lågaste risikoen i fylket, og er nesten like langt frå den teoretisk moglege nullverdien som Fedje er frå den teoretiske moglege maksverdien.

Geografi



Denne og neste side inneheld kart som viser «folkehelsegeografien» i fylket vårt. Kvar delindeks er vist i kvart sitt kart, i tillegg til samleindeksen som var vist i figur 1 og er gjenteke over. Fargane er ikkje like fininddelte i karta som i tabellane, så det kan vere nokre nyanseforskjellar mellom tabell og kart.

Kartet for del innbyggjarar i alderen 30 til 39 år med grunnskole som høgaste fullførte utdanningsnivå (figur 5) viser tydeleg ein grøn Hardangerfjord og Bjørnefjord, eit gult Sunnhordland, eit oransje og raudt nord-vest, og eit spetta nordfylke. Avvikande kommunar er Os, Austevoll, Etne og Odda.

Kartet for snittalderen i kommunane (figur 6) viser tydeleg ein grøn kyst, eit raudt Hardanger, og eit stort oransje felt i midten. Avvikande kommunar og bydelar er Fedje, Modalen, Tysnes og Fyllingsdalen.


Kartet over delen eineforsørgjarar under 45 år (figur 7 er for det meste grønt. Den inneheld eit

gult parti som går frå Fjell via Laksevåg, Årstad, Bergenhus og Åsane til Vaksdal og Modalen. I tillegg er det to mørke ytterpunkt i Odda og Fedje.


Kartet over delen låginntekstshushald (figur 8) viser eit raudt sentrum i Bergen (Bergenhus og Årstad), gult og lyst grønt frå Laksevåg og inn til Voss og Hardanger, og grønt langs kysten og i Bergen Sør.

Kartet over folkeveksten (figur 9) viser ein grøn kyst og nærrområde til Bergen, og gule, oransje og raude områder i nordre, indre og syndre deler av fylket. Avvikande bydelar er Ytrebygda, Fyllingsdalen og Laksevåg.


Kartet over arbeidsplassdekninga (figur 10) er for det meste mørk gult, oransje eller raudt. Dei grønne unntaka er Ytrebygda og Bergenhus som er mørkegrøne, og Austevoll og Modalen som er lys grønne. Dess tettare ein kjem Bergen eller Haugesund, dess raudare blir det (med Fjell som eit tydeleg unntak).




Figur 4: Grunnskoledel




Figur 7: Låginntektshushald




Figur 5: Gjennomsnittsalder



Figur 8: Folkevekst



Figur 6: Eineforsørgjarar



Figur 9: Arbeidsplassdekning

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Regionalavdelinga
Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse
Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 92 82
e-post: aud@hfk.no

www.hordaland.no

Desember 2015